

## Gode kolleger i allmennpraksis, Helse Førde, Hauglandsenteret og Fylkeslegen

Godt nyttår til alle! Her nokre sentrale nyheiter som for tida ligg på nettsidene våre under **Aktuelt** og i **PKO kalenderen**.

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

## Pakkeforløp for psykisk helse og rus

Minner om at pakkeforløp for psykisk helse og rus tredde i kraft frå 1. januar i år. Forløpskoordinatorar i Helse Førde blir tilsett frå 04.02. For detaljer sjå lenkene under. PKO kjem tilbake med meir informasjon om dette etter kvart.

[Informasjonsskriv Helse Førde Pakkeforløp psykisk helse og rus.pdf](#)  
<https://helsedirektoratet.no/folkehelse/psykisk-helse-og-rus/pakkeforlop-for-psykisk-helse-og-rus>

## Stramt tungebånd hos nyfødte

Det er komme nye tilrådingar for vurdering og behandling av stramt tungebånd. Denne ligg no på helsebiblioteket. Barneavdelinga i Helse Førde skriv til PKO at det har vore ulik praksis og tilrådingar blant fagfolk, også her i fylket. Difor er det bra at det no føreligg nasjonale tilrådingar som vi kan støtte oss på i vurderingane.

Utgreiinga om temaet frå barnelegeforeninga er gjengitt i lenka under men kortversjonen av tilrådingane når det gjeld indikasjon for klipping er:

"Første tiltak er alltid ammeveiledning av kompetent personell og at man forsøker å utelukke andre årsaker til barnets symptomer og ammevansker.

Stramt tungebånd uten redusert funksjon (amme/ernæringsvansker) skal ikke behandles.

Tungebåndsklipp/frenulotomi kan vurderes hvis tiltak for å bedre matinntak ikke fører frem.

Dette skal utføres av kompetent helsepersonell på indikasjon

ernæringsvansker/ammeproblemer når det samtidig er stramt tungebånd. Tidspunkt for

klipping av tungebånd er omdiskutert. En forutsetning for at man skal vurdere klipping, er at

det er dokumenterte funksjonelle problemer med amming, ikke basert alene på at det «ser stramt ut». I mange studier har man ventet med klipping til 5-14 dagers

alder. Ammeveiledning bør forsøkes i minst noen dager før man evt. klipper. En gang fra

etter 48-72 timers alder er det antagelig aktuelt å vurdere funksjonell konsekvens for

amming."

<https://www.helsebiblioteket.no/retningslinjer/nyfodtmedisin-veiledende-prosedyrer-fra-norsk-barnelegeforening/klipping-av-tungeband-hos-nyfodte>

## «La oss snakke om sjølv mordstankar. Det kan redde liv.»

Sjølv mord er eit stort folkehelseproblem i verda. I Norge dør om lag 550-600 menneske av sjølv mord kvart år. Det antas at mellom 3 500 og 7 500 personar årlig prøver å ta sitt eige liv. Helse Vest har i samarbeid med helseforetaka og regionalt brukarutvalg laga kampanjemateriell til ein folkeopplysningskampanje for å forebygge sjølv mord, og på denne måten von om å auke kunnskap og åpenheit rundt sjølv mordsåttferd, og senke terskelen for å søke hjelp.

Kampanjen er planlagt å starte opp i månedsskifte januar/februar 2019, og varer i tre uker.

[La oss snakke om selvmordstanker.pdf](#)

## Dermatofytt-diagnostikk opphøyrer i Førde – send til Haukeland

Mikrobiologisk avdeling i Helse Førde legg frå nyttår 2019 ned sin dermatofytt-diagnostikk. Dette pga fallande prøvetal og kvalitetsmessige forhold. Dei oppmodar rekvirentane om heretter å sende slike prøvar til mikrobiologisk avdeling ved Haukeland sjukehus for dermatofytt PCR. Dette er ein meir sensitiv og raskare metode. For dei som har elektronisk rekvirering, ligg den lett tilgjengeleg i Interactor.

Obs. prøve frå hud, hår eller neglar skal då fortrinnsvis sendast på behaldar utan tilsetjing. Haukeland ynskjer ikkje å få tilsendt prøve mellom objektglas sjølv ved lite prøvemateriale, då dette gjer prøvehandteringa i laboratoriet meir vanskeleg.

<http://www.analyseoversikten.no/analyse/507>

## Viktig endring i livmorhalsprogrammet for kvinner frå Sogn og Fjordane frå 01 01 19.

- NY og Bedre screeningsrutine for livmorhalskreft i Sogn og Fjordane

Frå første januar 2019 vil livmorhalsprøvene for kvinner mellom 34 og 69 år, fødde på partalsdato og busette i Sogn og Fjordane, bli HPV (humant papilloma virus)-testa. Livmorhalsprøvar frå kvinner mellom 34 og 69 år, fødde på oddetalsdato, og frå kvinner mellom 25 og 33 år, vurderast framleis i mikroskop. Alle prøvar skal enno takast ved gynekologisk undersøking og må vera væskebasert. Flytskjema med tilrådd oppfølging av ulike prøvesvar er utarbeidd av Livmorhalsprogrammet og kan lastast ned frå [krefregisteret.no/livmorhals](http://krefregisteret.no/livmorhals). OBS! HPV-test og celleprøve er screening og ikkje testar for diagnostikk og skal ikkje brukast åleine ved undersøking/kontroll av kvinner med symptom. Kvinnene vil få påminning om tid for nye prøver på same måten som før og rutine for taking og sending av prøvene er også uendra. Svar frå patologisk avdeling Haukeland kan derimot avvike noko frå før hos dei som kun gjennomgår HPV screening. Det vil komme publikumsinformasjon i lokalpressa frå Krefregisteret rett over nyttår.

Utfyllande informasjon om nyordninga finst i lenkene rett under denne saka. Ved ynske om meir informasjon kontakt dr.Jostein Tjugum - rådgivar logistikk Livmorhalsprogrammet Helse Førde, [jostein.tjugum@enivest.net](mailto:jostein.tjugum@enivest.net) Mobil 415 69 638 (sms) eller Seksjonsoverlege cytologi Helse Bergen, Hans Kristian Haugland - [hans.haugland@helse-bergen.no](mailto:hans.haugland@helse-bergen.no)

[Viktig endring i Livmorhalsprogrammet Sogn og Fjordane.pdf](#)

[Informasjon om prøvetaking og svar ved screening cytologi.pdf](#)

<https://www.kreftregisteret.no/screening/livmorhalsprogrammet/>

## PKO kalender

### Fagseminar om palliasjon - NORPAL

Innføring av pasientforløp i palliasjon  
«Ein dag skal vi døy, men alle andre dagar skal vi leve»  
Tid: Onsdag 16.januar, 2019  
Stad: Skei hotell, Jølster  
Klokka 08.30-15.15  
[NORPAL Program fagseminar.pdf](#)

### Årleg fagdag for ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling

*Med fokus på «nye» pasientgrupper i palliasjon*  
Tid: Tysdag 05. februar 2019 kl 09:00-15:30  
Stad: Thon Hotel Jølster  
Målgruppe: Ressursjukepleiarar med leiarar, legar og fysio-/ergoterapeutar  
Allmennmedisin: godkjennes med 6 valgfrie kurspoeng til videre- og etterutdanningen.  
Pris: Kr 600,- inkludert lunsj  
Påmelding: [https://www.deltager.no/fagdag\\_ressursjukepleiarer\\_klb\\_05022019](https://www.deltager.no/fagdag_ressursjukepleiarer_klb_05022019)  
Påmeldingsfrist: 28. januar 2019  
[Invitasjon Årleg fagdag Nettverk ressursjukepleie kreft Førde 050219.pdf](#)

### Erfaringskonferansen 2019

Tid: 7. og 8. Februar 2019  
Stad: Thon Hotell, Skei i Jølster.  
Bli med på erfaringskonferanse for samarbeid mellom Helse Førde og kommunane på Skei den !  
Dette er den 4. erfaringskonferansen som blir arrangert. Tidlegare erfaringskonferansar har vore prega av stort engasjement, livlege ordskifte og sterke meiningsytringar. Det er ingen grunn til å tru at denne erfaringskonferansen vert noko annleis. Høgst relevant for fastlegar som er spesielt inviterte.  
[Velkommen til Erfaringskonferansen 2019](#)

### Kroniske sår i Allmennmedisin med vekt på Diabetesfotsår

Tid: Tysdag 26.mars 2019  
Stad: Thon hotel Jølster  
[Kroniske sår i Allmennmedisin med vekt på Diabetesfotsår.pdf](#)

### Nasjonalt Diabetesforum 2019

Tid: 2.-4. april 2019  
Stad: Oslo  
Nasjonalt Diabetesforum 2019: Teknologi og omsorg, , arrangeres av Diabetesforbundet i samarbeid med Helsedirektoratet. Konferansen er for deg som er opptatt av diabetesforskning eller jobber med

personer som lever med diabetes. Meld deg på før 1. februar og få early bird pris!

<https://www.diabetes.no/helsepersonell/kurs-og-konferanser/nasjonalt-diabetesforum-2019/>